

Forskrift om endring av forskrift 14. mars 2005 nr 232 om dyrehelsemessige vilkår for innførsel og utførsel av småfe.

Fastsett av Landbruks- og matdepartementet 4. juli 2006, med heimel i lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet m.v. (matloven) § 12, § 15 og § 19 tredje ledd, jf. delegeringsvedtak 19. desember 2003 nr. 1790. Jf. EØS-avtala vedlegg I (direktiv 2004/68/EF og vedtak 1979/542/EØF).

I

I forskrift 14. mars 2005 nr 232 om dyrehelsemessige vilkår for innførsel og utførsel av småfe blir følgjande endringar gjort:

I innhaldslista skal følgjande føyes til:

Vedlegg D. Helsesertifikatmodellar for import av småfe til EØS frå tredjeland.

Vedlegg E. Oppsamlingsssentralar

Vedlegg F. Erklæring som brukas ved sjøreiser over ti dagar.

Nytt heimelsfelt skal lyde:

Fastsett av Landbruks- og matdepartementet 14. mars 2005 med heimel i lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven) § 7 andre ledd, § 12, § 15 og § 19 tredje ledd, jf. delegeringsvedtak 19. desember 2003 nr. 1790. Jf. EØS-avtala vedlegg I (direktiv 91/68/EØF, direktiv 2001/10/EF, forordning (EF) nr. 1326/2001, forordning (EF) nr. 260/2003, direktiv 2003/50/EF og vedtak 2003/708/EF, direktiv 2003/85/EF, direktiv 2004/68/EF og vedtak 79/542/EØF).

§ 2 skal lyde:

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld dei dyrehelsemessige vilkåra ved innførsel og utførsel innanfor EØS, samt innførsel og transitt av levande småfe gjennom EØS frå tredjeland.

§ 3 andre ledd nr. 20 blir erstatta av:

20. *Godkjent tredjeland*: Eit tredjeland, eller eit område i eit tredjeland, som er gitt løyve til å eksportere levande småfe til EØS, jf. § 18.

§ 3 andre ledd nr. 20 blir § 3 andre ledd ny nr.21

§ 8 nytt tredje ledd skal lyde:

Det er forbode å sende dyr som er vaksinert mot munn- og klauvsjuka frå eit EØS-land til eit anna.

Gjeldande tredje til femte ledd blir nye fjerde til sjette ledd.

§ 18 blir oppheva og erstatta av:

§ 18. Helsekrav

Ein kan berre innføre småfe frå tredjeland, eller område i tredjeland, som er oppført på liste over godkjente tredjeland i vedlegg B til denne forskrifta.

Småfe til avl og produksjon som blir innført til EØS frå godkjente tredjeland må oppfylle helsekrava som er stilt opp i helsesertifikatet i vedlegg D del 1. Småfe som blir innført til EØS frå godkjente tredjeland og som føres direkte til slakteri for slakting, må oppfylle helsekrava som er stilt opp i helsesertifikatet i vedlegg D del 2.

Dyra skal også oppfylle krava som gjeld for det aktuelle godkjente tredjelandet i samsvar med vedlegg B kolonne 5 og 6.

Ein skal ikkje handle med småfe som ikkje tilfredstiller krava i forskrift 30. mars 2004 nr. 595 om forebygging, kontroll med og utryddelse av overførbare spongiforme encefalopatiar (TSE).

§ 19 blir oppheva og erstatta av:

§ 19. Helsesertifikat

Med småfe skal det følgje eit originalt helsesertifikat som er stempla og skrive ut av lokal offentlig veterinær i avsendarlandet. Sertifikatet skal bekrefte at dyra oppfyller krava i kapittel III og i det medfølgjande sertifikatet. Sertifikatet skal også bekrefte at dyra oppfyller eventuelle tilleggskrav som gjeld, jf. vedlegg C kolonne 5 og 6.

Sertifikatet skal vere utforma tilsvarande den malen som er angitt for gjeldande dyr i samsvar med vedlegg B kolonne 4, og skal samtidig innehalde attestasjon for eventuelle tilleggsgarantiar eller andre særskilte krav etter vedlegg B kolonne 5 og 6.

Sertifikatet skal vere på minst eit av språka som blir nytta i avsendar- og mottakarlandet og skal ha eit individuelt identifikasjonsnummer. Det skal vere slik utforma at det utgjer ein integrert heilskap.

Kvart helsesertifikat må berre omfatte dyr som blir transportert med same transportmiddel, og som skal frå ei og same driftseining til ein mottakar.

Offentleg veterinær skal skrive ut helsesertifikatet på dagen for lastinga. Helsesertifikatet er gyldig i 10 dagar.

Sertifikatet kan innehalde erklæringar som andre EU- rettsakter krev, som gjeld folkehelse, dyrehelse eller dyrevelferd.

§ 20 blir oppheva og erstatta av:

§ 20. Prøvetaking

Dyra skal etter innførsel isoleras og undersøkes i samsvar med forskrift av 27. juni 2002 nr. 732 om bekjempelse av dyresjukdommer og forskrift av 31. januar 1995 nr. 107 om overvåking av og kontroll med forekomsten av salmonella hos levende dyr.

Dyr som skal det skal takast prøve av i samsvar med denne forskrift, skal frå første prøvetaking fram til sending vere isolert frå klauvdyr som ikkje skal sendast til EØS, eller som har lågare helsestatus. Testinga skal utføres i samsvar med vilkåra i vedtak 79/542/EØF vedlegg I del 3C. Offentleg veterinær i utreiselandet skal godkjenne og føre tilsyn med isolatet.

§ 21 blir oppheva og erstatta av:

§ 21. Transport

Småfe skal ikkje transporterast på transportmiddel samen med klauvdyr som ikkje skal førast ut til EØS eller samen med klauvdyr som har ein lågare helsestatus.

Under transporten til EØS skal dyra ikkje lossa av transportmiddelet eller transporterast på veg eller jernbane i ein tredjestat eller i ein del av tredjestat som ikkje er godkjend for eksport av tilsvarande dyr til EØS.

Transporten av dyra skal ikkje overstige 10 dagar unnateke ved sjøtransport, da kan 10-dagersperioden forlengjast med dei dagane sjøreisa varer. I tillegg til helsesertifikatet skal kapteinen på skipet då gje ei erklæring tilsvarande vedlegg F.

I løpet av de siste 24 timane før dyr sendes til EØS, skal offentlig veterinær kontrollere at dyra er friske og at transportreglene i direktiv 91/628/EØF er oppfylt, særlig med omsyn til vatning og føring. Dyra skal ikkje ha vist kliniske teikn på sjukdom, og dei skal være funnet egna til å gjennomføre heile transporten.

Dersom dyr blir transportert via ein oppsamlingsentral, skal oppsamlingsentralen på førehand være godkjend av Kommisjonen og oppfylle krava i vedlegg E.

Ny § 22 skal lyde:

§ 22. Krav som skal oppfyllest etter innførselen

Småfe som er innført til slakt straks etter innførselen, skal sendes direkte til mottaksslakteriet. Dyra skal slaktast snarast og senast innan fem arbeidsdagar etter innførselen.

Småfe som er innført til avl eller produksjon, dyr til dyrepark og liknande og jakt- eller viltreservat skal sendast direkte til den endelege besetninga der dei skal vere i minst 30 dagar før dei kan flyttes frå bedrifta, unntatt i dei tilfella kor dei vert sende direkte til eit slakteri.

Gjeldande §§ 22 – 28 blir nye §§ 23 – 29.

Kapittel IV. Avsluttande vilkår skal bestå av §§ 23 – 29.

Nytt vedlegg B skal lyde:

Vedlegg B.

Liste over godkjente tredjeland for import av levende småfe til EØS, jf. § 18.

(direktiv 2004/68/EF art. 3 nr. 1 jf. art. 20, jf. vedtak 79/542/EØF vedlegg I, del 1 (sist endra ved vedtak 2004/882/EF).*

Land	Områdekode	Området	Sertifikatmodell	Tilleggskrav	Særlige vilkår
1	2	3	4	5	6
BG – Bulgaria	BG-0	Hele landet	-		
	BG-1	Provinsene Varna, Dobrich, Silistra, Choumen, Targovitchte, Razgrad, Rousse, V.Tarnovo, Gabrovo, Plevén, Lovetch, Plovdic, Smolian, Pasardjik, distriktet Sofia, byen Sofia, Pernik, Kustendil, Blagoevgrad, Sliven, Starazagora, Vratza, Montana og Vidin	OVI-X, OVI-Y	A	
CA – Canada	CA-1	Hele landet unntatt regionen Okanagan Valley i British Columbia som følger: — frå eit punkt på grensa mellom Canada og USA som ligg 120° 15' lengde, 49° bredde — mot nord til et punkt som ligg 119° 35' lengde, 50° 30' bredde — mod nordaust til et punkt som ligg 119° lengde, 50° 45' bredde — mod syd til et punkt på grensa mellom Canada og USA som ligg 118° 15' lengde, 49° bredde	OVI-X	A	
CH – Sveits	CH-0	Hele landet	OVI-X, OVI-Y		
CL – Chile	CL-0	Hele landet	OVI-X		
GL- Greenland	GL-0	Hele landet	OVI-X		V
HR – Kroatia	HR-0	Hele landet	OVI-X, OVI-Y		
IS – Island	IS-0	Hele landet	OVI-X, OVI-Y		I
MK- Den Tidligere Jugoslavske Republik Makedonia(****)	MK-0	Hele landet			X
NZ – New Zealand	NZ-0	Hele landet	OVI-X, OVI-Y		I
PM – Saint Pierre og Miquelon	PM-0	Hele landet	OVI-X, OVI-Y		
RO – Romania	RO-0	Hele landet	OVI-X, OVI-Y		V
XM- Montenegro(***)	XM-0	Hele tollområdet (a)			X
XS-Serbia (***)	XS-0	Hele tollområdet (a)			X

(*): Jf. likevel eventuelle særlige sertifikatkrav fastsett ved relevant EU-avtale med tredjestat.

(***) : Utan Kosovo, jf. FN's Sikkerhetsråds resolusjon nr. 1244 av 10. juni 1999

(****): Den Tidligere Jugoslavske republikk Makedonien; forebels kode som ikkje har noko å seia for landets endelege namn som det skal treffast vedtak om når dei forhandlingane som er i gang i FN er avslutta.

(a): Serbia og Montenegro er ein statsunion bestående av to republikkar som har kvart sitt tollsystem og difor er oppførde kvar for seg.

Sertifikatmodell (jf. kolonne 4 i lista ovanfor):

OVI-X: Standard helsesertifikatmodell for småfe til avl eller produksjon. §§ 18 og 19 jf. vedlegg D del 1.

OVI-Y: Standard helsesertifikatmodell for slaktedyr. §§ 18 og 19 jf. vedlegg D del 2.

Tilleggskrav (jf. kolonne 5 i lista ovanfor):

A: Dyra skal være testa i samsvar med regla i helsesertifikatmodell OVI-X pkt. 10.6a for bluetongue og epizootisk heamoragisk syke.

Særlige vilkår (jf. kolonne 6 i lista ovanfor og fotnotar i det enkelte helsesertifikat):

I: Område der førekomst av BSE hos småfe som er født i området vurderast som høyst usannsynleg når det gjelder dyr som skal eksporterast til EØS følgd av eit helsesertifikat utfylt etter standardsertifikatmodell OVI-X eller OVI-Y.

V: Område med godkjend status som offisielt fri for tuberkulose når det gjelder småfe som skal eksporterast til EØS følgd av eit helsesertifikat utfylt etter standardsertifikatmodell OVI-X.

X: Gjeld til den 31.12.2006 for transitt til medlemsstater frå Bulgaria eller Romania gjennom dette området av dyr for omgående slakting som vert transportert på lastebilar som er plombert med plombe og løpenummer. Løpenummeret skal vere angitt i helsesertifikatet og plomba skal vere intakt ved ankomst til angitte grensekontrollstasjon der dyra vert tekne inn i EØS. Plombenummeret skal og vere registrert i Traces. Helsesertifikatet skal, før forsendinga kommer i transitt i eit tredjeland, stemplast på utførselsstaden i Bulgaria eller Romania av offentleg veterinær og påførast: ”BERRE TIL TRANSITT TIL EU/EØS FRÅ BULGARIA/ROMANIA (det ikkje relevante strykast) GJENNOM DEN TIDLIGARE JUGOSLAVSKE REPUBLIKK MAKEDONIA/MONTENEGRO/SERBIA (det ikkje relevante strykast).”

Det blir satt inn nytt vedlegg D som skal lyde:

Vedlegg D.

HELSEsertifikatMODELLAR FOR IMPORT AV SMÅFE TIL EØS FRÅ TREDJELAND

Del 1.

Helsesertifikat for import av avls- og produksjonsdyr til EØS frå tredjeland^o

Modell OVI-X

1. Avsendar (fullt namn og adresse):	HELSECERTIFIKAT FOR IMPORT AV SMÅFE TIL EØS FRÅ TREDJELAND: AVLS- OG PRODUKSJONSDYR¹ Nr. ² ORIGINAL																																					
2. Mottakar (fullt namn og adresse):	3. Opphavet til dyra³ 3.1. Land: 3.2. Områdekode:																																					
4. Kompetent styresmakt 4.1. Departement: 4.2. Forvaltningsorgan: 4.3. Forvaltningsorgan på lokalt/regionalt nivå:	5. Planlagt mottakarstad for dyra 5.1. EØS-land: 5.2. Namn, adresse og registreringsnummer på driftseininga:																																					
6. Driftseining og opplastingsplass med omsyn til eksport: (namn og adresse på driftseining(er)) 6.1. Driftseining(er): 6.2. Godkjent oppsamlingscenter: ⁶⁺⁷	7. Transportmiddel og identifikasjon av sendinga⁴ 7.1. (Lastebil, jernbanevogn, skip eller fly) ⁵ 7.2. Registreringsnummer, skipsnamn eller rutenummer for fly: 7.3. Opplysningar til identifikasjon av sendinga: ⁶																																					
8. Identifikasjon av dyra: 8.1. Dyreart og/eller krysningar: 8.2. Individuell identifikasjon av dyra i denne sendinga ⁸ <table border="1" data-bbox="188 1335 1406 1697"> <thead> <tr> <th data-bbox="188 1335 595 1368">Offisielt identifikasjonsnummer⁸</th> <th data-bbox="595 1335 1002 1368">Alder og kjønn (evt. kastrert)⁹</th> <th data-bbox="1002 1335 1406 1368">Prøver^{6 og 10}</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td></tr> </tbody> </table>			Offisielt identifikasjonsnummer ⁸	Alder og kjønn (evt. kastrert) ⁹	Prøver ^{6 og 10}																																	
Offisielt identifikasjonsnummer ⁸	Alder og kjønn (evt. kastrert) ⁹	Prøver ^{6 og 10}																																				
8.3. Totalt tal dyr i denne sendinga (i tal og i bokstavar):																																						
9. Folkehelsefråsegn Underteikna offentlege veterinær stadfestar at dyra som er omfatta av dette sertifikatet oppfyller følgjene krav: 9.1. Dyra kjem frå driftseiningar som ikkje har vore omfatta av offentlege forbod av helsegrunnar dei seinaste 42																																						

dagane når det gjeld brucellose, dei seinaste 30 dagar når det gjeld miltbrann og dei seinaste 6 månadene når det gjeld rabies. Dyra har ikkje vore i kontakt med dyr frå driftseiningar som ikkje oppfyller desse krava.

9.2. Dei har ikkje blitt behandla med:

- stilbener eller stoff med thyreostatisk verknad
- stoff med østrogen, androgen eller gestagen verknad eller beta-agonistar unntatt terapeutisk eller zooteknisk føremål (i samhøve med direktiv 96/22/EF).

10. Dyrehelsefråsegn

Underteikna offentlege veterinær stadfestar at dyra som nemnt ovafor oppfyller følgjene krav:

10.1. Dei kjem frå område med følgjene kode:³..... som på sertifikatets utskrivingsdato:

*Enten:*⁵

- a) i dei siste 24 månader vore fritt for munn-og klauvsjuka, i de siste 12 månader vore fritt for kvegpest, bluetongue, Rift Valley fever, pest hos små drøvtyggarar, saue- og geitekopper, ondarta lungesjuka hos geit og epizootisk heamoragisk sjuka og i dei siste 6 månader vore fritt for vesicular stomatis og

*eller:*⁵

- a) i) i dei siste 12 månader vore fritt for kvegpest, bluetongue, Rift Valley fever, pest hos små drøvtyggere, saue- og geitekopper, ondartet lungesyke hos geit og epizootisk heamoragisk syke og i dei siste 6 månader vore fritt for vesicular stomatis og
- ii) som sidan(dato) har vært rekna som fritt for munn- og klauvsjuka utan at det sidan har vore noko tilfelle/utbrot av sjukdommen, og som i samhøve med vedtak//.../EF av(dato) har løyve til å eksportere slike dyr og
- b) der det i dei siste 12 månader ikkje har vore vaksinert mot desse sjukdommane og det ikkje er tillate å innføre tamdyr med klauver som er vaksinert mot desse sjukdommane.

10.2. Dei har opphalde seg i området omhandla i pkt. 10.1 sidan fødselen, eller i minst 6 månader før sending til EØS. Dei har dei siste 30 dagar ikkje vore i kontakt med importerte klauvdyr.

10.3. Dei har sidan fødselen eller i minst 40 dagar før sending opphalde seg i driftseininga som omhandla i pkt. 6.1. For denne driftseininga gjeld:

- a) Det har, i løpet av de siste 100 dagar, ikkje førekomm noko utbrot av bluetongue eller epizootisk heamoragisk sjuka i ein omkrets av 150 km rundt driftseininga og
- b) det har, i løpet av dei siste 40 dagar, ikkje førekomm noko utbrot av dei andre sjukdommane omhandla i pkt. 10.1. i ein omkrets av 20 km rundt driftseininga.

10.4. Så vidt underteikna veit, og i følge skriftlig fråsegn frå eigar, skal dyra:

- a) Ikkje komme frå driftseining, og heller ikkje ha vore i kontakt med driftseining, der nokon av følgjene sjukdommar har vore klinisk påvist:
- Smittsam agalakti hos småfe i løpet av dei siste 6 månader
 - paratuberkulose eller byllesjuka (kaseøs lymphadenitis) i løpet av dei siste 12 månader
 - lungeadenomatose i løpet av dei siste 3 åra
 - mædi/visna eller caprin viral atritt/encefalitt;

*enten*⁵

i løpet av dei siste 3 åra

*eller*⁵

i løpet av dei siste 12 månader, dersom dyra som var angripi av mædi/visna eller caprin viral atritt/encefalitt er slakta og resten av dyra deretter har reagert negativt på 2 prøver, føretatt med minimum 6 månaders mellomrom.

- b) være omfatta av eit offisielt system for notifisering om disse sjukdommane og

- c) ha vore fri for kliniske eller andre symptom på tuberkulose og brucellose dei 3 siste åra før eksport.

10.5. Det er ikkje tale om dyr som er pålagt nedslakting i samband med eit nasjonalt program for nedkjemping av sjukdom eller som er vaksinert mot sjukdommane omhandla i pkt. 10.1.

10.6A. Dyra har opphavet sitt:

*Enten*⁵⁺¹¹

i området angitt i pkt. 3.2, som er rekna som offisielt fritt for brucellose.

*eller*⁵

i driftseininga angitt i pkt. 6.1, der følgjene gjeld med omsyn til brucellose:

- a) Alle mottakelege dyr har dei siste 12 månader vore fri for kliniske og andre former for symptom på sjukdommen,
b) årlig blir det føretatt serologiske prøver av eit representativt utval av småfe eldre enn 6 månader,¹²

*enten*⁵⁺¹³

- c) ingen småfe er vaksinert mot sjukdommen, med unntak av dei som er vaksinert med Rev. 1 vaksine for meir enn 2 år sidan,
d) alt småfe eldre enn 6 månader har reagert negativt på dei siste 2 prøvene¹⁴, som er føretatt med minst 6 månaders mellomrom den (dato).....og den (dato).....

*eller*⁵

- c) småfe yngre enn 7 månader er vaksinert mot sjukdommen med vaksinen Rev. 1,
d) følgjene dyr har reagert negativt på dei 2 siste prøvene¹⁴, som er føretatt med minst 6 månaders mellomrom:
✓ alt uvaksinert småfe eldre enn 6 månader den (dato).....og den (dato).....
og
✓ alt vaksinert småfe eldre enn 18 månader den (dato).....og den (dato).....

og

- e) berre småfe som minst oppfyller dei same vilkåra bli tatt inn.

10.6B. Ukastrede værar har dei siste 60 dagar vore halde utan avbrot på ei driftseining, der det i løpet av dei siste 12 månader ikkje er påvist noko tilfelle av smittsam epididymitt (B. ovis) hos vær, og på disse væra er det i løpet av dei 30 siste dagane føretatt komplementbindingsprøver for påvisning av smittsam epididymitt (B. ovis) med eit resultat på mindre enn 50 IE/ml.

10.6.C^{5,16}. Med omsyn til skrapesjuka gjeld følgjene:

1. Dersom dei skal til eit EØS-land, som for heile eller delar av området sitt er omfatta av forordning (EF) nr. 999/2001, vedlegg VIII, kapittel A.I.3, bokstav b) eller c), oppfyller dyra dei programma som er fastsett i desse bokstava, og dyra oppfyller dei garantiane² med omsyn til skrapesjuka som mottakarlanda krev og

*enten*⁵

2. er dyr som er født og utan avbrot vore halde i ein driftseining kor det aldri har vore diagnostisert skrapesjuka, og

⁵⁺¹⁵

2. for avlsdyr som er sertifisert før og til og med 30. juni 2004 dei er født og eine og aleine ala opp på driftseining, som i minst 3 år har oppfylt følgjene krav:
✓ driftseininga er undergitt regelmessig offisiell veterinærkontroll
✓ dyra er merka
✓ ingen stadfesta tilfelle av skrapesjuka har førekommi
✓ stikkprøvekontroll er føretatt av gamle hodyr som skal bli nedslakta
✓ til driftseininga er berre innført søyer som oppfyller dei same krava

5+15

2. for dyr som det er utstedt helsesertifikat for mellom den 1. juli 2004 og den 30. juni 2007:
De er født og oppdretta i driftseiningar som har oppfylgd følgjande krav:

1. Det har aldri vore diagnostisert tilfeller av skrapesjuka
2. i minst tre år før helsesertifikatet vart utstedt
 - 2.1. har driftseininga vore under offentlig tilsyn
 - 2.2. har dyra på driftseininga vore ID-merka
 - 2.3.1. har det vore tatt stikkprøvekontroll av gamle hodyr som skulle slaktast og
 - 2.3.2. alle dyr over 18 månader på driftseininga som er sjøldaue eller har blitt avliva på driftseininga etter den 1. juli 2004 (unntatt dyr som er avliva som eit ledd i samband med sjukdomssanering eller slakta for konsum) har vorte undersøkt for skrapesjuka i samsvar med dei laboratoriemetodane som er fastlagd i vedlegg X, kapittel C, punkt 3.2, bokstav b) i vedlegg X til forordning (EF) 999/2001.
 - 2.4.1. på driftseininga er det berre satt inn hodyr frå einingar som oppfyljar krava i punkt 1, 2.1, 2.2, 2.3.1, og
 - 2.4.2. frå den 1. juli 2004 har det på driftseininga berre blitt sett inn sauer eller geiter, med unntak av sauer med prionproteintypen ARR/ARR, frå driftseiningar som oppfyljar krava i punkt 1, 2.2, 2.2, 2.3.1, 2.3.2, og 2.4.1.

5+17

2. for dyr som det er utstedt helsesertifikat for etter den 1. juli 2007:
de er fødd og er oppdretta på driftseiningar kor det aldri har vore diagnostisert scarapie og som i dei siste tre åra har oppfylgd desse krava:
- dei er underlagt regelmessig offentlig veterinærkontroll
- dyra er ID-merka
- alle dyr over 18 månader som er sjøldaue eller har vorte avliva på driftseininga (unntatt dyr som er avliva i samband med sjukdomssanering eller slakta for konsum) har vorte undersøkt for scarapie i samsvar med dei laboratoriemetodane som er fastlagd i vedlegg X, kapittel C, punkt 3.2, litra b) i vedlegg X til forordning (EF) 999/2001 og
- på driftseininga berre blitt sett inn sauer eller geiter, med unntak av sauer med prionproteintypen ARR/ARR, frå driftseiningar som oppfyljar krava ovafor.

eller⁵

3. det er sauer med prionproteingenotype ARR/ARR, jf. vedtak 2002/1003/EF, vedlegg I, og kjem frå driftseining som ikkje har rapportert noko tilfelle av skrapesjuka i løpet av dei siste 6 månadene.

10.6.D⁵⁺¹⁷

Dyra har reagert negativt på serologisk prøve for bluetongue og epizootisk heamoragisk sjuka, som er føretatt to gonger på blodprøver tatt ved starten av isolasjons-/karanteneperioden og tidligast 28 dagar seinare, dvs. den (dato)..... og den (dato)....., og den siste prøva skal vere tatt i løpet av dei siste 10 dagane før eksporten.

10.7. Dei blir /har blitt avsendt frå driftseininga der dei har opphavet sitt utan å ha passert ein marknad

enten⁵

direkte til EØS

eller⁵

til den offisielt godkjente oppsamlingssentralen som er oppført i pkt. 6.2, som ligg i området som er oppført i pkt. 10.1,

og før sendinga til EØS;

- a) har dei ikkje vore i kontakt med andre klauvdyr som ikkje oppfyller de same helsekrava som er omtala i dette sertifikatet, og
- b) har dei ikkje vore på stader som det i løpet av dei siste 30 dagane, innafor ein radius på 20 km, ikkje har vore noko tilfelle/utbrot av dei sjukdommane som er omhandla i pkt. 10.1.

10.8. Dei transportkjøretøy og containerar dyra er plassert i var reingjort og desinfisert med eit offisielt godkjent desinfeksjonsmiddel før opplasting.

10.9. Dei er undersøkt av offentlig veterinær i løpet av dei siste 24 timane før pålasting og har da ikkje vist kliniske symptom på sjukdom.

10.10. Dei er den (dato)¹⁸..... blitt lasta på eit transportmiddel som omtala i pkt. 7 for å bli sendt

<p>til EØS, og dette transportmiddelet var då reingjort og desinfisert med eit offentleg godkjent desinfeksjonsmiddel og er slik konstruert at ekskrement, urin, annet avfall eller for ikkje kan flyte ut eller falle av kjøretøyet eller containeren under transporten.</p>	
<p>11. Dyretransportfråsegn</p>	<p>Underteikna offentlege veterinær stadfestar at dyra omtala ovafor både før og under opplasting har blitt behandla i samhøve med direktiv 91/628/EØF, særlig med omsyn til vatning og føring, og at dei er egna til å bli transportert som planlagt.</p>
<p>Offisielt stempel og underskrift</p>	
<p>Skrivi ut i, den</p>	
<p>(stempel)</p>	<p>(underskrifta til offentleg veterinær) (namn med blokkbokstavar, stilling og tittel)</p>

Fotnotar:

⁰ Jf. vedtak 79/542/EØF, vedlegg I, del 2, modell OVI-X, (sist oppdatert ved vedtak 2004/554/EF.)

¹ Levande sau (*ovis aries*) og geit (*capra hircus*), som skal bli nytta til avl eller produksjon. Etter import skal dyra bli transportert direkte til driftseininga som er målet for transporten, der dei skal bli i minimum 30 dagar før vidare rørsle utafør driftseininga kan bli føretatt. Dette gjeld ikkje sendingar direkte til slakteri.

² Gitt av kompetent styresmakt.

³ Land og område i samsvar med vedlegg B.

⁴ Før opp registreringsnummer for jernbanevogner og bilar, rutenummer for fly og namn på skip. Om sendinga føregår med containere eller i esker, skal talet, registrerings- og eventuelt plombenummer i punkt 7.3, førast opp.

⁵ Stryk det som ikkje passer.

⁶ Fylles ut dersom aktuelt.

⁷ Oppsamlingsentralen skal samsvare med gjeldande krav for godkjenning, jf. vedlegg E.

⁸ Dyra må ha:

- a) Individuelt nummer som gjer det mogleg å spore dei attende til opphavseininga. Spesifiser identifikasjonssystemet (f. eks. tagg, brennmerke, chip) og kor på dyret det er.
- b) Øyremerke som inneheld eksportlandets ISO-kode.

⁹ Alder (månader), kjønn (M = hanndyr, F = hodyr), kastrert = K.

¹⁰ Eventuelle prøver tatt av dyret før sending (eksport). Bruk følgjande koder til identifikasjon av sjukdommar som dyra er undersøkt for i samsvar med fotnote 12 Brucellose – kode "BRL", bluetongue - kode "BTG", episodisk hemoragisk sjuke - kode "EHD"

¹¹ Berre for land med "V" i kolonne 6 i vedlegg B.

¹² Dei dyr frå kvar bedriftseining som skal undersøkast for brucellose, skal minst omfatte:

- alle ikkje-kastrerte hanndyr som ikkje er vaksinert mot brucellose og som er meir enn 6 månader gamle
- alle ikkje-kastrerte hanndyr som er vaksinert mot brucellose og som er meir enn 18 månader gamle
- alle dyr som er tilført driftseininga etter føregåande test
- 25% av alle hodyr i fertil alder (kjønnsmodne) eller lakterande dyr, men minst 50 hodyr.

¹³ Dersom importstaten krev det i samsvar med vedtak 93/42/EØF (med endringar).

¹⁴ Prøver i samsvar med § 20.

¹⁵ For dyr som berre er til avl.

¹⁶ Garanti i samband med eit program for nedkjemping av skrapesjuka som mottakarlandet krev i samsvar med artikkel 15 og kapittel E i vedlegg IX til forordning (EF) nr. 999/2001.

¹⁷ Supplerande garantiar som skal gis, dersom det krevjast ved angjeving av "A" i kolonne 5 i vedlegg B.

¹⁸ Dato for opplasting. Dyra kan ikkje importerast om dei er opplasta enten før datoen da området nemnt i pkt. 3 blei godkjend for utførsel til EØS, eller i ein periode som EF har innført restriksjonar på import av dyr frå dette området.

Del 2

Helsesertifikat for import av småfe som slaktedyr til EØS frå tredjeland

Modell OVI-Y⁰

1. Avsendar (fullt namn og adresse):	HELSEsertifikat FOR IMPORT AV SMÅFE¹ TIL EØS FRÅ TREDJELAND: SLAKTEDYR Nr. ² ORIGINAL
2. Mottakar (fullt namn og adresse):	3. Opphav ³ 3.1. Land: 3.2. Områdekod:
4. Kompetent styresmakt 4.1. Departement: 4.2. Forvaltningsorgan: 4.3. Forvaltningsorgan på lokalt/regionalt nivå:	5. Planlagt mottakarstad for dyra 5.1. EØS-land: 5.2. Namn, adresse og registreringsnummer på slakteriet:
6. Driftseining og opplastingplass for eksport: (namn og adresse på driftseining(ar)) 6.1. Driftseining(ar): 6.2. ³ Godkjent oppsamlingssentral. ⁶⁺⁷	7. Transportmiddel og identifikasjon av sendinga ⁴ 7.1. (Lastebil, jernbanevogn, skip eller fly) ⁵ 7.2. Registreringsnummer, skipsnamn eller rutenummer for fly: 7.3. Opplysningar til identifikasjon av sendinga. ⁶
8. Identifikasjon av dyra: 8.1. Dyreart og/eller krysningar: 8.2. Individuell identifikasjon av dyra i denne sendinga ⁸	
Offisielle individuell identifikasjon ⁸	Alder og kjønn (evt. kastret) ⁹

8.3. Totalt tal dyr i denne sendinga (i tal og bokstavar):

9. Folkehelsefråsegn

Underteikna offentlege veterinær stadfestar at dyra omhandla i dette sertifikatet oppfyller følgjene krav:

9.1. Dyra kjem frå driftseiningar som ikkje har vore omfatta av offentlege restriksjonar på helsegrunnlag dei siste 42 dagar når det gjeld brucellose, dei siste 30 dagar når det gjeld miltbrann og dei siste 6 månader når det gjeld rabies og dyra har ikkje vore i kontakt med dyr frå driftseiningar som ikkje oppfyller desse vilkåra.

9.2. Dei har ikkje blitt behandla med:

- Stilbener eller stoff med tyreostatisk virkning
- Stoff med østrogen, androgen eller gestagen verknad eller beta-agonistar unntatt med terapeutisk eller zooteknisk føremål (i samhøve med direktiv 96/22/EF).

10. Dyrehelsefråsegn

Underteikna offentlege veterinær stadfestar at dyra som nemnt ovafor oppfyller følgjene krav:

10.1. Dei kjem frå område med følgjene kode:³..... som på sertifikatets utskrivingsdato:

*Enten:*⁵

- a) i dei siste 24 månader vore fritt for munn- og klauvsjuka, i de siste 12 månader vore fritt for kvegpest, bluetongue, Rift Valley fever, pest hos små drøvtyggarar, saue- og geitekopper, ondarta lungesyke hos geit og epizootisk heamoragisk sjuka og i dei siste 6 månader vore fritt for vesicular stomatis og

*eller:*⁵

- a) i) i dei siste 12 månader vore fritt for kvegpest, bluetongue, Rift Valley fever, pest hos små drøvtyggere, saue- og geitekopper, ondartet lungesyke hos geit og epizootisk heamoragisk syke og i dei siste 6 månader vore fritt for vesicular stomatis og
- b)ii) som sidan(dato) har vært rekna som fritt for munn- og klauvsjuka utan at det sidan har vore noko tilfelle/utbrot av sjukdommen, og som i samhøve med vedtak//.../EF av(dato) har løyve til å eksportere slike dyr og
- b) der det i dei siste 12 m,000,ånader ikkje har vore vaksinert mot desse sjukdommane og det ikkje er tillate å innføre tamdyr med klauver som er vaksinert mot desse sjukdommane.

10.2. Dei har sidan fødselen eller i minst 40 dagar før sending opphalde seg i driftseininga som omhandla i pkt.

6.1. For denne driftseininga gjeld:

- a) Det har, i løpet av de siste 100 dagar, ikkje førekommi noko utbrot av bluetongue eller epizootisk heamoragisk sjuka i ein omkrets av 150 km rundt driftseininga og
- b) det har, i løpet av dei siste 40 dagar, ikkje førekommi noko utbrot av dei andre sjukdommane omhandla i pkt. 10.1. i ein omkrets av 20 km rundt driftseininga.

10.3. Det er ikkje tale om dyr som er pålagt nedslakting i samband med eit nasjonalt program for nedkjemping av sjukdom eller som er vaksinert mot sjukdommane omhandla i pkt. 10.1.

10.4. Dei blir /har blitt avsendt frå driftseininga der dei har opphavet sitt utan å ha passert ein marknad

*enten*⁵

direkte til EØS

*eller*⁵

til den offisielt godkjente oppsamlingssentralen som er oppført i pkt. 6.2, som ligg i området som er oppført i pkt. 10.1,

og før sendinga til EØS;

- a) har dei ikkje vore i kontakt med andre klauvdyr som ikkje oppfyller de same helsekrava som er omtala i dette sertifikatet, og
- b) har dei ikkje vore på stader som det i løpet av dei siste 30 dagane, innafor ein radius på 20 km, ikkje har vore noko tilfelle/utbrot av dei sjukdommane som er omhandla i pkt. 10.1.

10.5. Med omsyn til skrapesjuka gjeld følgjende:

⁵⁺¹⁰ Dersom dei skal til eit EØS-land, som for heile eller delar av området sitt er omfatta av forordning (EF) nr. 999/2001, vedlegg VIII, kapittel A.I.3, bokstav b) eller c), oppfyller dyra dei programma som er fastsett i desse bokstava, og dyra oppfyller dei garantiane⁴ med omsyn til skrapesjuka som mottakarlanda krev og

*enten*⁵ dei er født og eine og aleine ala opp på driftseining, kor ingen tilfelle av skrapesjuka nokon sinne har vore diagnosert.

*eller*⁵ Dei er søyer med prionproteingenotype ARR/ARR, jf. vedtak 2002/1003/EF, vedlegg I, og kjem frå driftseining som ikkje har rapportert noko tilfelle av skrapesjuka i løpet av dei siste 6 månadene.

10.6. Dei transportkjøretøy og containerar dyra er plassert i var reingjort og desinfisert med eit offisielt godkjent desinfeksjonsmiddel før opplasting.

10.7. Dei er undersøkt av offentleg veterinær i løpet av dei siste 24 timane før pålasting og har da ikkje vist kliniske symptom på sjukdom.

10.8. Dei er den (dato)¹¹ blitt lasta på eit transportmiddel som omtala i pkt. 7 for å bli sendt til EØS, og dette transportmiddelet var då reingjort og desinfisert med eit offentleg godkjent desinfeksjonsmiddel og er slik konstruert at ekskrement, urin, søppel eller for ikkje kan flyte ut eller falle av kjøretøyet eller containeren under transporten.

11. Dyretransportfråsegn

Underteikna offentlege veterinær stadfestar at dyra omhandla ovafor både før og under opplasting har blitt behandla i samhøve med direktiv 91/628/EØF, særlig med omsyn til vatning og føring, og at dei er egna til å bli transportert som planlagt.

Offisielt stempel og underskrift

Skrivi ut i, den

(stempel)

(underskrifta til offentleg veterinær)
(namn med blokkbokstavar, stilling og tittel)

Fotnotar:

⁰ Vedtak 1979/542/EØF, vedlegg I, del 2, modell OVI-Y.

¹ Levande sau (*Ovis aries*) og geit (*Capra hircus*) som straks etter import skal slaktast. Etter importen skal dyra straks sendast til mottakarstaden og slaktast innan 5 dagar.

² Gitt av kompetent styresmakt.

³ Land og område i samsvar med vedlegg B med endringar.

⁴ Før opp registreringsnummer for jernbanevogner og bilar, rutenummer for fly og namn på skip. Om sendinga føregår med containere eller i esker, talet, registrerings- og eventuelt plombenummer i punkt

7.3, først opp.

⁵ Stryk det som ikkje passer.

⁶ Fyljast ut dersom aktuelt.

⁷ Samlingsentralen skal samsvare med gjeldande krav for godkjenning, jf. vedlegg E.

⁸ Dyra må ha:

b) Individuelt nummer som gjer det mulig å spore dei attende til opphavseininga. Spesifiser identifiseringssystemet (f. eks. tagg, brennmerke, chip) og kor på dyret det finns.

b) Øyremerke som inneheld eksportlandets ISO-kode.

⁹ Alder (månader), kjønn (M = hanndyr, F = hodyr), kastrert = K.

¹⁰ Garanti i samband med eit program for nedkjemping av skrapesjuka som mottakarlandet krev i samsvar med artikkel 15 og kapittel E i vedlegg IX til forordning (EF) nr. 999/2001.

¹¹ Dato for opplasting. Dyra kan ikkje importerast om dei er opplasta enten før datoen da området nemnt i pkt. 3 blei godkjend for utførsel til EØS, eller i ein periode som EF har innført restriksjonar på import av dyr frå dette området.

Nytt vedlegg E skal lyde:

Vedlegg E.

Oppsamlingsentralar i land utanfor EØS⁰

Oppsamlingsentralen skal vere godkjent for den aktuelle kategori av småfe og tildelt eit godkjeningsnummer av offentleg styresmakt. For å bli godkjent må oppsamlingsentralen minst oppfylle følgjande vilkår:

- 1) Den skal vere under tilsyn av offentleg veterinær.
- 2) Kvar oppsamlingsentral skal ligge midt i eit område med diameter på 20 km kor det i følge offentlege opplysningar ikkje har vore noe tilfelle av munn- og klauvsjuka i minst 30 dagar før den tas i bruk som godkjent oppsamlingsentral.
- 3) Oppsamlingsentralen skal, før kvar gang den tas i bruk, vere reingjort og desinfisert med eit desinfeksjonsmiddel som i eksportlandet er offentleg godkjent som effektivt for å slå ned sjukdom som oppgitt i vilkår 2) over.
- 4) Avhengig av kapasiteten, skal oppsamlingsentralar ha:
 - a) lokal som berre skal brukast til dette føremål,
 - b) lokal og utstyr, som er enkle å gjere reine og desinfisere, og skikka for lasting, lossing og oppstalling av dyra med tilstrekkeleg god standard, for vatning og fôring av dyra, og for å kunne gje all slags nødvendig behandling og stell,
 - c) skikka lokal for inspeksjon og isolasjon,
 - d) utstyr skikka til reingjering og desinfisering av lokal og transportmiddel,
 - e) lokal som er skikka for lagring av fôr, strø og gjødsel,

- f) eit system som er skikka for oppsamling og forsvarleg handtering av avløpsvatn, og
 - g) eit kontorlokale til den offentlege veterinæren.
- 5) Når oppsamlingssentralen er i drift skal den ha tilstrekkeleg mange veterinærar til at alle oppgåver kan utførast.
- 6) Oppsamlingssentralane skal berre ta i mot dyr som er individuelt merka, slik at sporing kan sikrast. Oppsamlingssentralens eigar eller den som er ansvarleg for oppsamlingssentralen, skal derfor forsikre seg om at dyra er riktig merka og følgjast av dei helseokument og –sertifikat som krevjast for gjeldande dyreart og -kategori. Denne personen skal dessutan føre opp følgjande opplysningar i eit register eller ein database og ta vare på dei i minst tre år: dyreeigars namn, dyras opphavsbesetning, mottaksdato og dato for sending, talet på og identifikasjon av dyra, eller registreringsnummeret til opphavsbesetningen, dyras tiltenkte mottaksplass, transportørens organisasjonsnummer eller registreringsnummer og registreringsnummer på alle transportmiddel som leverar og hentar dyr ved sentralen.
- 7) Alle dyr som passerar gjennom oppsamlingssentralane skal oppfylle helsekrava som gjeld for import av den aktuelle dyrekategorien til EØS.
- 8) Dyr som skal eksporterast til EØS og som passerar gjennom ein oppsamlingssentral må, innan 6 dagar etter at dei kom til sentralen, lastast og sendast direkte til eksportlandets grense:
- a) utan å ha kome i kontakt med klauvdyr som ikkje oppfyller helsekrava som gjeld for import av den aktuelle dyrekategorien til EØS;
 - b) vere inndelt i sendingar slik at ingen sending inneheld både dyr til avl eller produksjon og dyr som skal slaktast straks etter importen;
 - c) i transportmiddel eller containere som før lasting er gjort reine og desinfisert med eit desinfeksjonsmiddel som i eksportlandet er offentleg godkjent som effektivt for å slå ned sykdom som oppgitt i vilkår 2) over, og som er konstruert slik at gjødsel, urin, strø eller fôr ikkje kan renne ut eller falle av under transport.
- 9) Om vilkåra for eksport av dyr til EØS krev at ein test skal vere gjort innan ein bestemt tidsperiode før lasting, inkludert all tid på oppsamlingssentralen i denne tidsperioden, opp til 6 dagar, etter at dyra har kome til den godkjente oppsamlingssentralen.
- 10) Eksportlandet skal peike ut dei oppsamlingssentralane som er godkjende for avls- og produksjonsdyr og dei som er godkjent for slaktedyr, opplyse om namn og adresser på disse til Kommisjonen og medlemsstatenes sentrale styresmakter, og oppdatere denne informasjonen med jamne mellomrom.
- 11) Eksportlandet fastsett prosedyren for offentleg tilsyn med godkjende oppsamlingssentralar og skal sørge for at slikt tilsyn blir utført.
- 12) Oppsamlingssentralane skal ha regelmessig tilsyn som kontrollerar at vilkåra for godkjenning oppfyllest. Om vilkåra ikkje er oppfylde og godkjenninga trekkast tilbake eller opphevast, kan tildeling av ny godkjenning berre skje om offentleg veterinær-

styresmakt har kontrollert at oppsamlingssentralen overheld samtlege vilkår oppgitt i dette vedlegget.

⁰ jf. vedtak 79/542/EØF vedlegg I del 3 B.

Nytt vedlegg F skal lyde:

Vedlegg F.

Tillegg for sjøtransport av dyr jf. § 21 tredje ledd.

Erklæring frå skipets kaptein

Underskrivande kaptein på (skipets namn)
erklærer at dyra som er nemnt i det vedlagte helsesertifikatet nr.,
ikkje har forlate skipet
frå i (eksportlandet)
til i EØS, og at skipet ikkje har anløpt andre
lokalitetar utanfor (eksportlandet)
på vei til EØS enn (hamner der skipet har anløpt undervegs)
Under sjøreisa har dyra ikkje vore i kontakt med andre dyr om bord med lågare helsestatus.

Skrive ut i den
(innreisehamn) (innreisedato)

(Stempel)

kapteinens underskrift

(Namn med blokkbokstavar og stilling)

II

Forskrifta trer i kraft straks.